
Vår referanse 2020/72991-2
Dato 16.10.2020

FREKA INVEST AS
Kvernhusmyrane 25
5914 ISDALSTØ

Uttale til nabovarsel - tilbygg – fv 5454 - gnr 188 bnr 198 - Isdalsø - Alver kommune

Vi viser til brev motteke 30.9.2020. Vestland fylkeskommune mottek nabovarsel som både eigar og forvaltar av fv. 5454.

Varselet gjeld oppføring av tilbygg til bustadhus på eigedom av gnr. 188 bnr. 198. Tiltak ligg i eit uregulert område, og vi meiner difor at Alver kommune må ta stilling til omsøkt tiltak i fyrste omgang som rette planmynde. Alver kommune er difor sett på kopi. Dersom tiltaket kjem nærrare fv. 5454 enn 50 m i slike uregulerte område, må det vidare søkast om dispensasjon frå byggjegrense langs veg, jf. veglova § 29 fyrste og andre ledd.

«Langs offentleg veg skal det vere byggegrenser fastsette med heimel i denne lova, dersom ikkje anna følgjer av arealdel av kommuneplan eller reguleringsplan etter plan- og bygningsloven... Byggegrensene skal gå i ein avstand på 50 meter frå riksveg og fylkesveg...»

De kan søke om dette ved å følge denne lenka;

<https://www.vegvesen.no/trafikkinformasjon/langs-veien/soknad-om-dispensasjon-fra-byggegrenser>

Vestland fylkeskommune kjem attende med meir utfyllande merknadar når saka vert sendt til oss til uttale frå Alver kommune.

Med helsing

Kari Elster Moen
senioringeniør

Sara Nordahl
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen håndskrivne underskrift

Kopi til:

ALVER
KOMMUNE

Postboks 4